



Voss og omland LOP

Lokallag for: Aurland, Ulvik, Vaksdal og Voss



Til medlemmene i Voss og omland LOP og Forsvarsforeninga på Voss

Bli med på fantastisk overnattingstur til Sogn 21. – 22. mai 2025

EinAst Reiser AS inviterer medlemmer i LOP avdeling Voss og Forsvarsforeninga på Voss til overnattingstur til Sogn 21. – 22. mai 2025.

Turen startar frå parkeringsplassen ved Park onsdag 21. mai kl. 09.00 med eigen buss. Me køyrer Stamvegen til Lærdal og vidare til ferjeleiet på Fodnes der ferja tek oss over fjorden kl. 11.00. Fyrste stoppen undervegs vert på Norsk Bremuseum i Fjærland. Etter filmframsyning og ein liten omvising reiser me vidare mot Skei i Jølster. Me har ein liten stopp ved Bøyabreen før



turen går vidare til Skei i Jølster og hotellet vårt Thon Hotell Skei, der me sjekkar inn og får ein god lunsj.

Etter lunsjen går me om bord i bussen att og etter ein kort svipttur kjem me til Astruptunet om lag kl. 16.00 for 1 times omvising der.



Etter denne kulturopplevinga reiser me attende til Thon Hotell Skei for avslapping og felles 3-rettars middag på hotellet kl. 19.30.



Onsdag morgon tek med ein lang og god frukost, før me set oss i bussen att kl. 10.00. Me køyrer vidare mot Førde, men tek ein stopp for 1 times omvising på Eikaasgalleriet.

Etter omvisinga køyrer me vidare mot Førde, og tek av vegen over Gaularfjellet. Me håper på flott ver slik at utsynet frå toppen av svingane ned att mot Sognefjorden vert spanande. Vi køyrer til Kvikne hotell i Balestrand for ein 2-rettars lunsj. Gode og mette set me så kursen til ferjeleiet i Dragsvik, for å ta ferja over til Vangsnes og Vikafjellet heimatt til Voss. Her er me i 18-tida torsdag kveld.



Pris for heile turen inklusiv overnatting, 2 lunsjar, middag, omvisingar, buss og ferje vert kr. 3.950,- pr. person i standard dobbeltrom. Ynskjer ein enkeltrom kostar det kr. 500 i tillegg.

For at turen skal verta noko av, treng vi minimum 30 personar påmelde, medan me maksimalt kan vera 45 personar. Eventuell alkohol til maten betaler ein sjølve.

Påmelding innan søndag 6. april (men gjerne så raskt som råd) på mail til einar@eareiser.no eller på telefon/SMS til 913 28 768. Sjå avbestillingsreglar i vedlegg.

Har du eventuelle allergiar me må ta omsyn til ved måltida, gje melding om dette ved påmeldinga. Faktura for turen vert sendt ut i ettertid.

Beste helsing

Voss og omland LOP

Astrid Holtekjølen

EinAst Reiser AS

Einar Larsen